

NVE  
nve@nve.no

## Løyve til å byggje 7 småkraftverk i Sogndal kommune

### Melding om vedtak

Kommunestyret handsama saka i møte 24.04.2014 sak 14/14, og gjorde slikt vedtak:

Bruk av rein og fornybar energi er eit viktig klimatiltak. Utnytting av vassressursane gir verdiskaping for lokalsamfunnet. Ei samla vurdering er at samfunnsnyttan av småkraftutbygging er større enn ulempene med naturinngrepa utbygginga medfører.

Kommunestyret tilrår at det vert gjeve konsesjon for Skeidsflåten-, Mundalselvi-, Tverrdalselvi-, Tverrdøla-, Fardal-, Botna- og Jakobbakka småkraftverk.

For alle utbyggingane bør konsesjonen verta gjeven på følgjande vilkår:  
Anleggsperioden skal leggjast utanom yngleperioden for fuglar og pattedyr.

For Tverrdalselvi småkraftverk bør det setjast flg. tilleggsvilkår:  
Det skal gjennomførast tiltak som minimerer problem med gassovermetting og fiskedød.  
Kraftleidning over Bøyaelvi skal om mogleg erstattast med jordkabel.

For Jakobsbakka småkraftverk bør det setjast flg. tilleggsvilkår:  
Kraftstasjonen må flyttast til alternativ plassering synt på høyringsmøte, lenger sør og lenger vekk frå Bøyastølen.

Med helsing

Torun Emma Torheim  
planleggjar

Kopi til:

Ellen F. Andersen [elfa@nve.no](mailto:elfa@nve.no)

Siri M. Fagerheim [smf@nve.no](mailto:smf@nve.no)

Tor Carlsen [toc@nve.no](mailto:toc@nve.no)